 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfylging av elevane sitt årstimetal		
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:
Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

1. Formål

Formålet med retningslinjene er:

1. å sikre at elevane får oppfylt retten til minste årstimetal for opplæring i samsvar med
 - a. Opplæringslova § 3-2
 - b. Forskrift til Opplæringslova §§ 1-3 og 1-4
 - c. Læreplanverket
 - d. Rundskriv Udir-1 /
2. å sikre at skulane har rutiner og dokumentasjon for arbeidet med planlegging og gjennomføring av årstimetalet, samt rutiner for å rapportere og for å handtere og korrigere avvik. (Opplæringslova § 13-10)
3. å sikre at HFK som skuleeigar har forsvarleg system for å følgje opp lovkrav.


2. Omfang

Skuleeigar har plikt til å ha eit forsvarleg system som skal bidra til å oppfylle skulane si plikt til å oppfylle elevane sitt årstimetal. (Opplæringslova § 13-10).

Rutinen gjeld alle dei vidaregåande skulane. Det er eit leiaransvar å sjå til at rutinen vert følgt opp og gjort kjent for både lærarar og elevar.

3. Definisjonar

- a) Følgjande krav til planlegging av oppfylging av elevane sitt årstimetal etter Opplæringslova § 13-10, er oppsummert i rapport etter nasjonalt tilsyn (2008):
 - Skriftleg plan.
 - Planen skal budsjettere i samsvar med krav til minste årstimetal.
 - Planen skal vere realistisk med omsyn til at faktisk gjennomføring er mulig.
 - Planen skal innehalde tiltak og prosedyrar for gjennomføring, herunder opplæring for elevar som ikkje er trekt ut til eksamen, fråvær av lærar og liknande.
 - Det skal setjast av tilstrekkelege ressursar for gjennomføring.
 - Planen skal vere kommunisert i organisasjonen.
 - Kravet om minste årstimetall er ikkje til hinder for at andre aktivitetar enn tradisjonell opplæring vert gitt eit fagleg innhald i tråd med læreplanane i fag og såleis kan teljast med i årstimetalet.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfylging av elevane sitt årstimetal		
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:
Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

4. Gjennomføring

Den enkelte skulen gjer greie for korleis elevane sin rett til minste årstimetal vert oppfylt. Dette inneber at skulane skal vurdere risiko for avvik frå årstimetal og ein framgangsmåte for å handtere og korrigere avvik. Skulane har rutinar for korleis opplæringa for elevane vert planlagt slik at lov og forskrift vert ivareteke i planlegginga.

a) Rutinar omfattar:


- 1) Plan for aktivitetar¹ og korleis prioriterte aktivitetar² er knytt til oppfylging av minste årstimetal i fag fordelt over 38 veker (Opplæringslova § 3-2). Rutinen kan vere utforma som t.d. årshjul med oversikt over prøveperiodar, aktivitetsdagar, eksamen. Det er viktig med dialog og samhandling på skulenivå kring arbeidet med planlegging av årstimetalet.
- 2) Årstimetal vert registrert i skuleadministrativt system og er dokumentert gjennom dette. Timeplan (UNTIS) og registrering i Extens viser oppfylging av elevane sitt årstimetal på **gruppenivå**.
- 3) Vitnemålskontroll pr 15. september.
- 4) Føremålet med vitnemålskontroll er å avdekkje om det er **enkeltelevar** som har ei fag-/timesamansetjing som ikkje vil fylle krava til fullt vitnemål. Skulane skal ha ein framgangsmåte for å kunne avdekke eventuelle avvik på **individnivå** så tidleg i skuleåret at det er mogleg å setje inn tiltak for å korrigere/reduere skade.
- 5) Rektor orienterer skuleeigar straks når det gjeld avvik som er avdekka gjennom vitnemålskontrollen.
- 6) Plan for ordinær opplæring for elevar som ikkje er trekte ut til eksamen, er utarbeidd ved den enkelte skule primo mai.
- 7) System for korleis skulen tek i vare opplæringa for elevane ved lærarfråvær.
- 8) Leiinga skal sikre ein god praksis for melding om fråvær til vikaransvarleg (e) og skal så langt det er mogleg leggje til rette for kvalifiserte vikarar ved melding om fråvær.

b) Dokumentasjon og rapportering skjer gjennom registrering i skuleadministrativt system³.

¹ Timeplan med organisering av fag i tråd med læreplanar.

² Aktivitetar kan vere temadagar/prosjekt knytt til ulike læreplanmål i fag for oppfylging av årstimetalet. Andre aktivitetar kan leggjast utanom årstimetalet om skulen prioriterer det.

³ Skuleadministrativt system skal vise planlagde årstimar for elevane med ansvarleg lærar. System for registrering av gjennomførte årstimar vert vurdert i samband med nytt system.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Oppfylging av elevane sitt årstimetal		
	Dokumenttype: Retningslinje	Godkjend av: Fylkesdirektør Opplæring	Gjeld frå:
Utarbeidd av: Opplæringsavdelinga	Godkjend dato: Des -15	Revidert dato:	Arkivsak:

- c) Skulen gjennomfører eigenkontroll pr 15. september når det gjeld vitnemålskontroll. Prioriterte aktivitetar og prøveperiodar vert planlagt for skuleåret og vurdert undervegs i skuleåret. Eigenkontroll når det gjeld ordinær opplæring for elevar som ikkje er trekte ut til eksamen, er lagt til primo mai. Eigenkontroll kan leggast inn som rutine/ årshjul.
- d) Skulen rapporterer straks til skuleeigar når det gjeld avvik i høve vitnemålskontrollen.
- e) Avvik frå elevane sin rett til minste oppfylging av årstimetalet meldast tenesteveg. Når det etter nærmare vurdering og planlegging er lagt til rette for det, kan meldesystem verte nytta.

5. Oppfølging

Opplæringsavdelinga v/seksjon fellestenester gjennomfører kontroll av dokumentasjon og rapportering gjennom skuleadministrativt system.

6. Ansvar

Fylkesdirektør Opplæring